

## Referat frå styremøte på Sødorp Gjestgivergård 7. juni 2017 kl. 10.00

**Deltakarar:** Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenget, Ellen M. Syse, Pål Eiesar, Berit Kaltoft, Sara Nilsen og Pål Kjørstad. Bjørn Even Stenberg hadde meldt forfall.

### Sak 13/2017: Referatsaker

- Referat frå styremøte 18. januar 2017, godkjent og lagt ut på heimesida.
- Ulvemarkeringa i Oslo 4. januar vart følgt opp med tur til Stortinget 17. januar og ny stor demonstrasjon 30. januar, sjå elles sak 15/2017.
- Årsmelding ferdig og sendt ut til medlemmene 14. februar 2017.
- Årsmøte og seminar saman med Hedmark Sau og Geit 3. – 5. mars 2017.
- Representantskapsmøte i NSG 14. mars, Arnfinn deltok.
- Landsmøte i NSG 15. – 16. mars, utsendingar frå Oppland: Arnfinn Beito, Ellen M. Syse, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg og Sara Nilsen. Pål Kjørstad deltok som styremedlem.
- Faktura angående opphald/medlemsbutikk sendt 4. april 2017.
- Aksjon lammegrilling i Oppland 8. april 2017. 11 plassar i regi av OSG og OBS sponsa med mat frå Nortura der lokallaga i båe organisasjonane stod for arbeidet, medan 2 plassar vart organisert gjennom lokallaga Fåvang og Snertingdal. Det vart servert 4-500 smaksprøver pr. stand og andre lokallag/fylkeslag i Norge vil nå gjera det same. Styret meinte at dette også burde vorte gjort før i grillsesongen i sommar og helst rundt større tettsteder for å få opp farten på salet av lamme og fårekjøtt.
- Innspel til verneplan for Hjerkin – skytefeltet. Her hadde OSG støtta uttala frå Lesja Sau og Geit. Ellen M. Syse refererte om saka, og det er skremmande at mange forslag går på nedlegging av ferdselsveggar i viktige og gode beiteområder. Ei setning i formålsparagrafen syner vel heile saka i eit nøtteskal: Dei skal ta vare på SPOR av beitebruk...
- Jordbruksforhandlingane 2017. Ein del bråk rundt tilskot til innmarksbeite der faglag til slutt ga NSG tilslutning til kravet. Styret i OSG meinte at NSG var litt klønede med at dei gjekk ut i media i staden for å avklara saka med faglaga fyrst.
- Innspel til forvaltningsplan for moskus på Dovre. Her vart også lokale innspel støtta av OSG.
- Styremøte NSG 30. - 31. mai 2017. Pål refererte korleis han hadde oppfatta det nye regimet og styret og nemnte nokre saker spesielt.

### Sak 14/2017: Evaluering av årsmøtet og planer for årsmøte 2018

- Påmelding gjekk vel som forventa, alltid mange som er seine og må purras opp. Sjølv påmeldinga med direkte innbetaling gjekk fint, men da ikkje alle gjer det vert det vanskeleg. I tillegg vart etterslepet som vi skulle ta i resepsjonen på hotellet hindra av dårleg mobildekking i forhold til betalingsterminal.
- Tilbakemeldingane var dårlege når det gjaldt romfordelinga. Vi hadde møte med hotellet straks etter arrangementet og påpeikte dette med antall enkelrom og at dei hadde lova oss plass til 200 stk. Alle som hadde betalt for enkeltrom og fekk dobbeltrom fekk tilbud om attendebetaling. I forhold til maten og sjølv arrangementet, både fagleg og organisasjonsmessig, har det vore berre lovord å høyra.

- Under årsmøtehelga hadde både Nortura, Grobakken, OSID, Telespor, Findmy, Fjøsssystemer, Animalia og NSG stands. Vi skal ha ein ny runde med kven som får ha stands og kven som skal ha dekkja delar av eller heile opphaldet sitt på slike arrangement av innleiarar, sponsorar etc. Dette vert teke under planlegginga av neste års arrangement.
- Arrangementet er eit samarbeid mellom ”heile familien OSG”, med Fylkeslaget, Ring 41 og Oppland Gjeterhundlag. Dette er nytt for sistnemnte og vi må informera betre og meire for å få inn dette som ein rutine for styret og lokallaga i OGL. I tillegg hadde ikkje OGL fått høyrte at datoen på arrangementet vart flytta og mista litt fokus grunna dette. Sara meinte òg at vi laut spela inn at dette ikkje berre var eit årsmøte, men eit årsmøte med seminar og matservering og tilbod om helgeopphald. Representant frå Ring 41 og OGL må da etter styrets meining vera meire med på planlegginga neste år.
- Styret fekk framlagt eit enkelt rekneskap over arrangementet, som viser at vi i alle fall redda arrangementet god inn økonomisk sett.

Årsmøte 2017 - førebels rekneskap		
Dato/tekst	Inntekter	Utgifter
Førehandsbetaling	kr 347 445,00	
Betaling på arrangement	kr 28 287,00	
Krav	kr 72 289,33	
Tilgode frå Ring 41	kr 8 670,00	
Avgift deltager.no		kr 10 108,02
Arrangementskostnad		kr 416 795,00
Utbetalte/tilgodehavande		kr 45 980,00
Fellesutgifter		kr 17 838,00
Medlemsbutikk, stipulert		kr 10 000,00
Summer	kr 456 691,33	kr 500 721,02
Resultat	kr -44 029,69	
Samanlikning utgifter	2017	2016
Fylkeslaget	kr 22 015,00	kr 29 125,00

Neste år har Akershus Sau og Geit bedd inn både Oppland og Hedmark Sau og Geit til felles årsmøtehelg med årsmøte laurdag 3. mars. . Etter det vi veit skal arrangementet finna stad ved Gardermoen. I årsmøtevedtaket til OSG er det vedteke ein klausul om å diskutera staden for møtet. Det må snarast ta ei avgjerd om dette og Arnfinn fekk i oppgåve og kontakta leiar i Akershus Sau og Geit, Håvard Semd, og få i stand eit planleggingsmøte i sommar, der Hedmark Sau og Geit også sjølvsagt vert innbede

#### **Sak 15/2017: Rekneskap for demonstrasjonsturane 2017**

OBS, OB og OSG hadde etter det vi veit eit nokonlunde likt styrevedtak på å dela utgifter opp mot kr. 10.000 pr. organisasjon. OBS har betalt inn kr. 10.000,-, OB har ikkje betalt inn noko, medan OSG har dekkja utgiftene. Styret i OSG vedtok at rekneskapsføraren i OSG går i gjennom rekneskapet og fordelar utgiftene likt mellom dei 3 organisasjonane etter fyrst å ha godtgjort OSG med kr. 5.000,- i utgifter for administrasjon og rekneskap. Enkelt rekneskap hittil:

Rekneskap ulveaksjonene 2017:			
Dato/tekst	Tekst	Inntekter	Utgifter
05.jan	Bussinntekter terminal	kr 10 800,00	
05.jan	Bussinntekter kontant	kr 4 600,00	
18.jan	Bussinntekter kontant	kr 400,00	
19.jan	Bussinntekter terminal	kr 3 600,00	
25.jan	Tilskudd Fjøsssystemer	kr 10 000,00	
30.jan	T-skjorter med trykk		kr 1 300,00
31.jan	Bussinntekter kontant	kr 18 100,00	
31.jan	Tilskot OBS	kr 10 000,00	
01.feb	Bussinntekter kontant	kr 10 125,00	
01.feb	Bussinntekter kontant	kr 10 000,00	
02.feb	Bussinntekter kontant	kr 4 200,00	
09.feb	Musikk i Oslo		kr 5 000,00
09.feb	Musikk i Oslo		kr 5 000,00
09.feb	Annonse Fjuken		kr 843,75
14.feb	Annonse Valdres		kr 956,50
14.feb	Busser Valdres		kr 22 350,00
14.feb	Buss Haverstad		kr 86 078,00
14.feb	Annonse GD		kr 1 540,00
14.feb	Tilskot frå Valdreskom.	kr 9 000,00	
15.feb	Buss Gausdal		kr 3 583,80
16.feb	Annonse OA		kr 1 977,94
23.feb	Bussinntekter terminal	kr 14 600,00	
09.mar	Tilskudd Mjøsen Skog	kr 5 000,00	
10.mar	Tilskudd Viken Skog	kr 10 000,00	
14.mar	Tilskudd N-Fron kommune	kr 3 000,00	
22.mar	Tilskudd Regionrådet MG	kr 5 000,00	
02.apr	Annonse Dølen 260117		915
	Tilskot OB	kr -	
	Tilskot OSG	kr -	
	Summer	kr 128 425,00	kr 129 544,99
	Resultat	kr -1 119,99	

### **Sak 16/2017: Rovdyrsaker:**

Oppland har pr. nå 6 dokumenterte ynglingar av jerv og av dei er 2 teke ut, ei i Ringebu og ei i Sikkilsdalen i Nord-Fron der berre 1 kvalp av ynglinga vart teke ut. I tillegg har Rovviltnemnda i Oppland vedteke lisenskvote for jerv i 2017/18 til 12 dyr med hodyrkvote på maksimalt 5 dyr. Det har kome spørsmål om at organisasjonane skal klaga. Styret i OSG vil ikkje klaga på kvota, og håper inderleg at kvota denne gongen vert teke ut i staden. Styret i OSG vil heller at vi skal klaga generelt til Klima og Miljødepartementet på den manglande og svært dårlege forvaltninga vi har hatt på jerv i Oppland gjennom mange år i forhold til

bestandsmålet. Kopi skal gå til: Næringskomiteen, Fylkestinget, Rovviltnemnda og Landbruk og Matdepartementet.

Situasjonen i Oppland nå: Ulv i området rundt Gran og Ringeby, både med skadefellingsløyve og utvida 1-2 gonger. Bjørn vestsida Sør-Fron, ikkje søkt fellingsløyve.

Beitebrukarar i Hurdal og Gran har opplevd og opplever i desse dagane den største tragedia i moderne tid i forhold til skadane som ein eller to ulvar har gjort og framleis gjer. Opp mot 100 dyr er drepe eller skadd/avvliwa. Det har vore satsa alt opp mot å ta ut ulven med opptil 53 jegerar på ei gong. Det har vorte halda møter ned beitebrukarar, og dei som ikkje alt har sleppt sauene har vegra seg og etterkvart vorte råda til å halda sauene heime. Fylkesmannen i Oppland har kome med forslag om å betala erstatning på kr. 6,- pr. dyr pr. dag for forseinka slepp etter ein bestemt dato. Det er talt om at kring 2000 dyr er sleppt og rundt 4000 dyr går heime på vent. Oppland Sau og Geit vil oppmoda Oppland Bondelag om å laga ei felles pressemelding i saka. Styret vil òg vera tilgjengelig for både hjelp og anna organisering for dei som er ramma. Saka følges tett opp.

### **Sak 17/2017: Profilerings – valgkamp 2017**

Vi går inn i ei viktig tid for distrikts-Norge og næringslivet med stortingsvalget i haust. Her må vi vera aktive med å syna fram norsk landbruk. Er det arrangement/stands må vi møta opp og stilla spørsmål til alle partia. Arnfinn talar med faglagane i Oppland om dette med å ha eller få tilgang til profileringsutstyr. Her gjeld det at både faglagane og OSG står fram med felles argumentasjon. I forhold til OSG vil styret fremja at desse appellane/ønska vert trekt fram til framtidige stortingsrepresentantar:

- Grunnlag: Norsk mat basert på norske ressursar
- Rett til utnytting av utmarksbeite og innmarksbeite – dette krev praktiske tiltak i rovviltpolitikken og i tilskotsrammene
- For å gjera dette krev vi levelege inntekter!

### **Sak 18/2017: Lokallaga – ansvar og oppgåver**

Fleire lokallag lurar på dette og ønskjer nokre skriftlege kulepunkt om dette. Styret i OSG fremmer med bakgrunn i erfaringar at ei særskild viktig og prioritert oppgåve for lokallaga er å stilla med utsendingar på årsmøte og med deltakarar på regionmøter arrangert av fylkeslaget. Vidare er den generelle rolla til lokallaget å sørge for at alle småfeholdarane lokalt vert tilbydd og betaler medlemskap i organisasjonen, at saker frå medlemmar vert teke opp lokalt og eventuelt vert sendt til fylkeslaget og at saker og info fylkeslaget sender til lokallaget vert følgt opp. Elles er oppgåvene til lokallaga lista opp i lagslovene til NSG i Kap. III Lokallag i NSG §12. Lokallag.

### **Sak 19/2017: Saker frå Ring 41/avlсутvalget**

Ny representant i avlsrådet frå region øst må velgjast da Sven Reiersen vart ny leiar i avlsrådet. Elles har det på ny kome ein del innspel på NKS i forhold til ekstraarbeid i lammingsperioda. Fram mot møte i region øst og avlsrådsmøte vart det halde eit styremøte i Ring 41 der Pål som rep. frå styret i tillegg til Anne Kari møtte. Her vart saklista til avlsrådsmøte gjennomgått slik at Hans Petter hadde god bakgrunnsdekning til sakene han skulle stå for i regionmøte. Det vart diskutert og vedteke at Oppland skulle gå for registrering av speneplassering i tillegg til spenestorleik, at lammetalet på NKS og spæl burde anten vera som før eller litt mindre på NKS og litt meire på spæl og at feilstillingar for kvart lam var noko ein måtte gå bort i frå. Det vart også diskutert den nye regionmodellen med utviding til 6 regionar, men det var svært vanskeleg å få til eit godt motforslag på dette møtet. Vi gjekk for

at sauetalet og antall kåringslam måtte vega tyngst i eit slikt regionoppdeling. Vi var einige i at region øst var ein alt for stor og uoversikteleg region. I møtet vart det til slutt kasta fram ein tanke om at alle 19 fylker i eit fellesmøte valde 6 representantar der og da.

Vidare vart kåringsopplegget for 2017 diskutert og at nokre hadde datoen spikra og andre måtte koma med innspel. Det vart også vedteke at fyrste kåring som vert på Toten kunne fungere som ei dommersamling, da dette spara eit møte og at det her var samla "alle" raser.

### **Sak 20/2017: Geitesaker**

2 positive hendingar for geitehaldet i Oppland: Geitemjølkvote på 50.000 kg er overført til Oppland frå Telemark. Samlinga og innspelet til landbruksmeldinga førte til at henteplikta på geitemjolk ikkje vart fjerna.

### **Sak 21/2017: Gjetarhundsaker**

Prosessene i valg av representant til Gjetarhunderådet frå region øst, som bl.a. førte til tlf-møte 19. Mai, vart både vond og konfliktskapande. Styret i Oppland Sau og Geit var sterkt i mot at andre fylker gjekk for ein anna kandidat frå Buskerud enn Buskerud sjølve gjekk for, og lurte på kvar moralen og folkeskikken hadde vorte av. I tillegg vart nominasjonsprosedyren ikkje følgt. Dette førte til at representanten frå region øst Arne Christoffer Sand, som ikkje hadde sagt frå seg, vart kasta til fordel for Karen Bilstad frå same fylke. Ny leiar i Gjetarhunderådet vart Audun Seilen, som også vart vald inn i representantskapet i NSG i vinter. Her gjekk Oppland for Stig-Runar Størdal. Styret i OSG meiner at det i bådessa prosessane føregjekk uvanleg mykje uryddige prosessar, og at det kan ha laga djupe sår i organisasjonen.

Nok ein gong etterlyser OSG grunnlaget for valg av avlsrepresentant for Working Kelpie i NSG, der svaret delvis kom i løpet av styremøte utan at styret vart klokare av det. Prosessane i desse valgrundane splitta også noko av miljøet i Oppland og Arnfinn og Sara vil halda eit møte med Nord-Gudbrandsdal Gjetarhundlag for å få rydda opp i forholdet. Styret gav Sara full tillit og skryt for at Oppland Gjetarhundlag no hadde vorte styrt demokratisk, og at dette måtte alle arbeida etter.

### **Sak 22/2017: Oppland Radiobjøllelag**

Søkt om midlar til innkjøp av radiobjøller og FMS til brukarar i Oppland og til lamme-prosjektet i Bagn. Fått lovnad om kr. 320.000 i FKT-midlar og kr. 180.000 i midlar til tilskot til tiltak i beiteområder. Dette er stort sett det same som tidlegare dersom ein trekkjer frå kr. 100.000,- som går til 110 radiobjøller som skal vera med i lamme-prosjektet. Det er i løpet av sesongen kjøpt inn: 590 radiobjøller, av dei er opptil 90 berrekna til reklamasjon for fjoråret, medan det er innkjøpt 150 FMS, og levert inn/fått att nokre titals einingar i tillegg til dei både oss og leigetakarar av oss bytta i fjor. Gamle og nye brukarar fekk faktura pr. e-post i tidsrommet 25. – 28. april 2017, og sporadiske endringar/nye fakturaer etter dette. Mange av brukarane har fått tekstmeldingar om levering av utstyr m/påminning om fakturaen. Saman med rekneskapsfører er det bestemt at vi tek ei tekstmelding-påminning før 1. puring kjem med påminning om innkasso. Det er pr. dags dato 360 brukarar av elektronisk overvaking i Oppland mot 320 i fjor, det er delt ut omlag 3400 radiobjøller og 1000 FMS. Utstyret er stort sett delt ut pr. bil til tillitsvalde/medlemmar i ulike kommunar/grender. Elles har arbeidet vore prega av pakking, lading av FMS, utprøving av radiobjøller frå 2016, registreringar og hjelp. Arbeidet består nå av intensivt arbeid 10 dagar i april, heile mai og 10 dagar i juni.

### **Sak 23/2017: Sak til NSG**

Vi har tidlegare fleire gonger spelt inn sak om tilgang til sakliste og referat frå landsmøter,

rep. møter og styremøter i NSG og kva tidspunkt desse skal vera tilgjengelege. Pål refererte frå styremøte i NSG nå sist der det vart lova frå administrasjonen at dette nå skulle koma på plass. Det er da å håpa at saklista til framtidige styremøter kjem slik at fylkeslaga kan sjå den og påverka styremedlemmar og at referat frå styremøter, rep. møter og årsmøter også skal føreligga i rimeleg tid etter møta. Arnfinn ville òg diskutera det som gjekk føre seg på landsmøte i kjølvatnet av innspel frå Oppland. Arnfinn tok på ny opp denne saka på landsmøtet og ville ha svar. Han vart møtt på ein arrogant måte og hørte i kullisane etter møtet at Oppland Sau og Geit kverulerte. Styret i Oppland Sau og Geit meiner at fylkeslaget vårt vert drive på ein god måte, at vi kan brukast som eit godt døme for andre og at vi har rett til å stilla kritiske spørsmål for å få organisasjonen vår betre.

### **Sak 24/2017: Eventuelt.**

Gjekk i gjennom årsmøtesaker og årsplanen, dette er gjort:

- Leiar har teke kontakt og skal ha møte med OB og OBS om før ferien om ein meire effektiv og ressursparande plan for samarbeidet i rovviltrelaterte saker. OB har vald Marthe Dypdalen, Ole Kristin Oldre og Kristina Hegge som rovviltkontaktar i fylket. OBS har vald Astrid Olstad og Bjørn Rustestuen
- Innspel til jordbruksforhandlingane:

Auka tilskot til sau, lam, geit og kje på utmarksbeite med kr. 25,- pr. dyr til kr. 177,- pr. dyr. Oppretthalda kvalitetstilskotet på lamme- og kje-slakt på dagens nivå

Styrka avløysartilskotet og behalda avtalefesta tidleg-pensjon i jordbruket

Oppretthalda eller helst auka forholdstalet på geitemjolk-kvotene

Arbeida for at dei nye kriteriene for produksjonstillegget på sau og ammegeit over 1 år vert fordelt mellom besetningsstorleikar som i dag ved å endra grensa for tilskotssatsar frå 1-100/101+ til 1-125/125+. Samstundes vil vi at NSG spelar inn negative sider med telledato 1/3 og endrar denne til 15/4. Behalda jordbruksfrådraget på dagen nivå.

- Delteke på møter der vi har vorte inviterte
- Halde kontakt og samarbeida med relaterte lag og organisasjonar
- Medlemsverving, her har leigetakarar i Oppland Radiobjøllelag, som ikkje har betalt medlemskap fått påminning
- Heimesida har vorte oppdatert med rovviltartikkelen, men lite på andre saker
- Vi har søkt og fått lovnad på midlar gjennom ”FKT” og ”Tilskot til tiltak i beiteområder.”
- Vi har vedteke faktureringsordning i Oppland Radiobjøllelag
- Vi har engasjert oss i rovviltarbeidet.
- Leiar har vore i kontakt med og støtta medlemmar/lag i Etnedal og Leirskogen som har utfordringar med gjerdehald, gjerdeplikt og andre beiterelaterte spørsmål.
- I forhold til rekruttering i næringa har det vore kontakt med og sett opp tilbud på Valdres vidaregåande skule på Leira med tema: sausanking, slaktedag – oppdeling og saueklipping. På Vinstra har det vorte synt fram sau i barnehage og det har vorte sett i gang gjetarhundkurs for ungdom. Elles er Anne Kari ei av fleire i Oppland som er fadder for nystarta bønder. Her vart det etterlyst at vi burde også satsa på traktorkjøring og at arrangementa/tiltaka våre kom ut på sosiale media som Facebook.
- Vi har ein årsplan med store ambisjonar, så vi må berre å stå på!